



Randi Strand

Kyrkjeleg rapportering 2009 Fellesråd

Oppslagshefte til hjelp ved filuttrekk
og for elektronisk rapportering, via
skjema for rekneskap

Desember 2009

Føreord

Rapportering av rekneskap frå kyrkjelege fellesråd og sokneråd er blitt sett i verk av Kultur-og kyrkjedepartementet (KKD) frå og med 2004 som ei oppfølging av rekneskapsforskrifta.

Siktemålet for rapporteringa er tosidig:

- Å skaffe fram relevant og påliteleg styringsinformasjon om fellesråda sine prioriteringar, deira produktivitet og dekningsgrader.
- Å samordne og effektivisere rutinane og løysingane for utveksling av data, slik at statlege og kyrkjelege styresmakter blir sikra rask og enkel tilgang til data.

Notat for rapportering skal vere eit hjelpemiddel som sikrar at datautvekslinga mellom dei kyrkjelege fellesråd og staten blir mest mogleg effektiv, slik at begge partar får raskere tilgang til aktuelle data.

Dette notatet omfattar berre informasjon om rapportering av økonomidata.

Meir informasjon om elektronisk rapportering finn du mellom anna på:
Statistisk sentralbyrås heimeside <http://www.ssb.no>

Innhald

Føreord	1
1. Innleiing	3
Definisjonar.....	3
Kva for rekneskapsrapportar skal leverast for rekneskapsåret 2009?	4
Frist som er aktuell for rapporteringa i 2010.....	4
KOSTRA-support	4
2. Rapporteringsløysingar	5
<i>Rapporteringsløysing for filuttrekk</i>	5
<i>Rapporteringsløysing for elektroniske skjema</i>	5
Generelt	5
3. Kontrollar av rekneskapsrapporten	6
Kontrollar	6
Kontrollar i SSB	6
Kontrollar i fellesråda.....	6
4. Kyrkjelege fellesråd	7
Filbeskriving for rekneskapsåret 2009	7
Layout på overføring.....	8
Løyvingsrekneskapen.....	9
Gyldige funksjoner, rekneskapsåret 2009	9
Gyldige artar for fellesråda for rekneskapsåret 2009	10
Enkelte artar er berre gyldige i eit av rekneskapa.....	12
Balanserekneskapen	13
Oversikt over gyldige kapittel, rekneskapsåret 2009.....	13

1. Innleiing

Notat for rapportering er meint å vere ei samling av informasjon til hjelp i filoppbygging og konvertering av årsrekneskapen til rekneskapsrapport. Erfaringane vi har hatt så langt viser at det er behov for eit oppslagsverk som kan brukast både til konverteringa av årsrekneskapen, men også for å vise kva slag filstruktur rekneskapsrapporten skal ha. *Konvertering av årsrekneskapen til lovlege kodar, samt at fila har korrekt filstruktur er ein viktig føresetnad for å få rekneskapsrapporten godkjend i Statistisk sentralbyrå (SSB).*

Notatet tek derfor sikte på å liste opp dei funksjonane og artane, kapittel og sektorar som er gyldige for rekneskapsåret 2008. Vi har også presisert kva for kombinasjonar av kontoklasse, funksjon og art i drifts- og/eller investeringsrekneskapen som ikkje vert godkjend. Dei konkrete krav som blir stilte til rekneskapsrapporten i mottaket er lista opp i kapittelet "Kontrollar av rekneskapsrapporten".

Dette er krav som blir stilt for å få god kvalitet på statistikken.

Notatet blir også lagt ut på SSBs heimeside: <http://www.ssb.no>

Kontaktperson:

Randi S. Strand, tlf. 21 09 49 20, e-post; randi.strand@ssb.no

Definisjonar

Årsrekneskap:

Omgrepet blir brukt om dei interne rekneskapane i råda.

Rekneskapsrapport:

Omgrepet blir brukt om årsrekneskapane, det vil seie ei oppstilling av årsrekneskapen i kontoklasse, funksjon og art i tråd med definisjonar som er gitt av KKD og SSB.

Kva for rekneskapsrapportar skal leverast for rekneskapsåret 2009?

Opplysningane samlast inn av SSB på vegne av Kultur- og kyrkjedepartementet i medhold av lov av 7.juni 1996 nr. 31 om Den norske kirke (kirkeloven) §§ 9 og 14, og forskrift av 25.september 2003 nr. 1215 om økonomiforvaltningen for kirkelige fellesråd og menighetsråd i Den norske kirke § 7.

Statistisk sentralbyrå vil i medhold av Lov av 16.juni 1989 nr.54 om offisiell statistikk og Statistisk sentralbyrå § 2-2 samtidig nytte opplysningane til å utarbeidde offisiell statistikk.

I 2009, for rekneskapsåret 2008, skal dette rapporterast gjennom KOSTRA:

- ✓ fellesrådass rekneskapsrapportar, som er løyvingsrekneskap og balanse-oppsett

Frist som er aktuell for rapporteringa i 2010

Fellesråda og sokneråda skal rapportere data til statlege styresmakter innan:

- 15. mars: Rekneskapsrapportar

KOSTRA-support

Det finst ei KOSTRA-support-gruppe som fellesråda og sokneråda kan vende seg til dersom det skulle oppstå problem med leveringa av rekneskapsrapporten. KOSTRA-support kan nås via telefon og e-post. Vi oppfordrar til bruk av e-post.

E-postadresse: **kostra-support@ssb.no**.

Opningstid for telefonen er alle kvardager i periodane:

- 04.01.2010 - 15.04.2010 (for ordinær rapportering), kl. 08.00 - 15.00.

Telefonnummer: **62 88 51 70**

Dersom fellesråda har spørsmål om det faglege innhaldet i rapporteringa, skal dei vende seg til KKD.

2. Rapporteringsløysingar

Det finst to løysingar for rapportering av data, filuttrekk og elektronisk skjema. Fellesråda kan velje mellom rapportering av filuttrekk (0F for bevilgningsrekneskapen, 0G for balansen), eller dei kan velje elektronisk skjema, (31A for løyvingsrekneskapen, 31B for balansen).

Rapporteringsløysing for filuttrekk

Den som skal rapportere, går inn på adressa: <http://www.ssb.no/kostra/kirke> og loggar seg inn med organisasjonsnummer og pin-kode, og veljer så den fila ein skal laste opp til. Feilmeldingar visast i eigen rapport, og om det er feil i fila, må ein rette den opp før ein rapporterar til SSB.

Rapporteringsløysing for elektroniske skjema

Skjema er tilgjengeleg på SSBs websider med ei løysing for rapportering av skjema direkte i ein nettlesar. Den som skal rapportere, går inn på adressa: <http://www.ssb.no/kostra/kirke> og loggar seg inn med organisasjonsnummer og pin-kode, fyller ut skjemaet og sender inn. Ei testside vil også vere tilgjengeleg, slik ein kan prøve der først.

Med denne metoden treng ein ikkje å laste ned noko til eigen pc, og dette er difor ein enklare måte å sende inn rapporter på. Dessutan blir data kontrollerte før dei vert sende, og feilmeldingar blir viste slik at ein kan rette feil før ein sender inn data.

Vi gjer merksam på at organisasjonsnummer og pin-kode vert send i eige brev.

Generelt

Rekneskapsrapportane vert samla inn av Statistisk sentralbyrå, etter oppdrag frå KKD.

Det er lagt inn nokre automatiske kontrollar av rekneskapsrapportane som stiller krav til innhaldet i rapportane, og desse krava må vere dekte for at dei skal godkjennas, og med det rekna som mottekne hos oss. Dersom rekneskapsrapportane ikkje blir godkjend, og ny oppretta rekneskapsrapportar ikkje blir send til SSB innan den frist vi har sett, kan vi ikkje få publisert tall som inneheld økonomidata for desse fellestråd. I notatet har vi ei oppstilling over kva for krav vi har sett for rekneskapsrapportane. Det blir også kontrollert at rekneskapen har korrekt filoppbygging.

3. Kontrollar av rekneskapsrapporten

Kontrollar

Rekneskapsrapportane må tilfredsstillle desse krava.

- Berre gyldig årgang.
- Berre gyldige kommunenummer.
- Berre gyldige organisasjonsnummer.
- Berre gyldige kontoklasser.
- Berre gyldige funksjonar og kapittel.
- Berre gyldige artar og sektorar. Artane blir kontrollerte opp mot drifts- og investeringsrekneskapan.
- Berre gyldige kombinasjonar av kontoklasse, funksjon og art blir godteken.
- Dublettar blir summerte saman.
- Drifts- og investeringsrekneskapan kvar for seg, og løyvingsrekneskapan totalt, skal balansere. Differansar over 30' blir ikkje aksepterte.
- Art 800 skal ha posteringar.
- Art 830 skal ha posteringar.
- Interne overføringar mellom art 390 og 790, mellom art 380 og 780, og mellom art 465 og 865 skal balansere. Differansar opptil 30' blir aksepterte.
- Summen av art 570 skal vere lik summen av art 970. Differansar opptil 30' blir aksepterte.
- Summen av art 590 skal vere lik motpost 990 i driftsrekneskapan.
- I balansen skal aktiva vere lik passiva. Avrundingsfeil opptil 10' blir aksepterte.
- I balansen aksepterer vi berre gyldige kapittel.

Kontrollar i SSB

Fleire kontrollar av rekneskapsrapporten blir også gjordt på Seksjon for offentlege finansar, som er ansvarleg for publiseringa av rekneskapsstatistikk for kyrkjelege fellestråd. Kontrollane går blant anna ut på:

- at det er ført beløp på ein del sentrale funksjonar, til dømes administrasjon.
- relevante rekneskapsomgrep blir sjekka mot den førre årgangen og mot råd som kan samanliknast.
- i enkelte rekneskap gjer vi andre kontrollar for å finne "påfallande ting", til dømes dersom endringane i tala frå fjoråret er så store at dei gjer utslag på makrostatistikken.

Kontrollar i fellestråda

Fellestråda har sjølv ansvar for at data i rekneskapsrapporten er av tilstrekkelig kvalitet. Fordi tala no i større grad blir brukte til samanlikningar og tidsseriar, er det ekstra viktig at feil blir korrigererte.

4. Kyrkjelege fellestråd

Filbeskriving for rekneskapsåret 2009

Kvar enkelt record av løyvingsrekneskapan som består av driftsrekneskap, (kontoklasse 3) og investeringsrekneskap, (kontoklasse 4) og balansen (kontoklasse 5) skal vere organisert slik¹:

Posisjon	Tal siffer	
01 - 02:	2	Type rekneskap (løyving/balanse, fellestråd) ²
03 - 06:	4	Årgang
07:	1	Kvartal/Tertial ³
08 - 13:	6	Region (fylke, kommune, bydel) ⁴
14 - 22:	9	Organisasjonsnummer ⁵
23 - 31:	9	Føretaks-/bedriftsnummer ⁶
32:	1	Kontoklasse ⁷
33 - 36:	4	Funksjon/kapittel ⁸
37 - 39:	3	Art-/sektor ⁹
40 - 48:	9	Beløpsfelt ¹⁰ (OBS. gis opp i heile 1000 kroner og justerast til høgre)

¹ Døme på riktig oppbygging, sjå neste sida

² 0F for løyvingsrekneskap fellestråd, 0G for balanse fellestråd

³ Blank posisjon ved rapportering av årsregnskap

⁴ Fellestrådet rapporterer kommunenummer og 00 for bydelsnivå

⁵ Fellestråd skal rapportere sitt organisasjonsnummer

⁶ Blanke felt, fellestråd skal ikkje rapportere føretaks-/bedriftsnummer

⁷ Kontoklasse skal markerast med 3 for driftsrekneskapan, 4 for investeringsrekneskapan og 5 for balanserekneskapan

⁸ Funksjon gjeld løyvingsrekneskapan, kapittel gjeld balanserekneskapan

⁹ Art gjeld løyvingsrekneskapan, sektor gjeld balansen

¹⁰ Utgifter (debet) skal rapporterast i positive verdier, mens inntekter (kredit) skal rapporterast i negative verdier (med minusteiknet i posisjonen før beløpet). For balansen skal eigedelar rapporterast i positive verdier, mens gjeld og eigenkapital skal rapporterast i negative verdier (med minusteiknet i posisjonen før beløpet). Beløpet skal gis opp i 1000 kr og justerast til høgre

Layout på overføring

1. Alle records avsluttes med linjeskift \n
2. Beløpet skal givast opp i 1000 kroner og justerast til høgre
3. Alle koder som gjeld funksjon/kapittel og art og som har færre posisjoner enn feltet som er sett av til dette, skal justerast til venstre med blanke posisjonar bak.
4. Inntekter og utgifter skal ikkje rapporterast på sumnivå, berre på detaljnivå.
5. Utgifter (debet) skal rapporterast i positive verdiar, mens inntekter (kredit) rapporterast i negative verdiar. For balansen rapporterast egedelar i positive verdiar, mens gjeld og egenkapital rapporterast i negative verdiar. Minusteikn for krediteringar markerast i posisjonen rett foran beløpet.

Døme på riktig oppbygging av rekneskapsfil (- = minus i beløpsfeltet, ^ = blanke felt).

i) Record frå Driftsrekneskapen:

```
0F2009^010600974125879^^^^^^^^^^3041^010^99568
0F2009^010600974125879^^^^^^^^^^3041^600^8748
```

ii) Record frå Investeringsrekneskapen:

```
0F2009^010600974125879^^^^^^^^^^4041^010^99568
0F2009^010600974125879^^^^^^^^^^4041^600^8748
```

iii) Record frå Balanserekneskapen

```
0G2009^010600974125879^^^^^^^^^^510^12466
0G2009^010600974125879^^^^^^^^^^5580^17960
0G2009^010600974125879^^^^^^^^^^55950^69453
```

6. Merking av filer:

Filene skal merkes slik:

Løyvingsrekneskapen kalles: BEV + komm.nr. + FR

Balanserekneskapen kalles: BAL + komm.nr. + FR

Døme: BEV0106FR
BAL0106FR

Løyvingsrekneskapen

Gyldige funksjoner, rekneskapsåret 2009

Løyvingsrekneskapen består av to deler, driftsrekneskap og investeringsrekneskap. Driftsrekneskapen skal rapporterast på kontoklasse 3, og investeringsrekneskapen på kontoklasse 4.

Dessuten skal fellestråda fordele utgifter/inntekter på dei fire funksjonene, sjå oversikta nedanfor.

Driftsrekneskap

<u>Kontoklasse/Funksjon</u>	<u>Kode på maskin-lesbart medium</u>
3041 Kyrkjeleg administrasjon	3041^
3042 Kyrkjer	3042^
3043 Kyrkjegardar	3043^
3044 Anna kyrkjeleg verksemd	3044^

Investeringsrekneskap

<u>Kontoklasse/Funksjon</u>	<u>Kode på maskin-lesbart medium</u>
4041 Kyrkjeleg administrasjon	4041^
4042 Kyrkjer	4042^
4043 Kyrkjegardar	4043^
4044 Anna kyrkjeleg verksemd	4044^

Gyldige artar for fellesråda for rekneskapsåret 2009

Artane som er skrivne med utheva skrift og i kursiv høvesvis i kolonna under kontoklasse 3 eller 4 er berre gyldige i den eine rekneskapen. Alle andre artar kan brukast i begge rekneskap, både i driftsrekneskapen og i investeringsrekneskapen.

Kontoklasse 3

DRIFTSREKNESKAP

UTGIFTER

Lønn

- 010 Fastlønn
- 020 Vikarar
- 030 Ekstrahjelp
- 040 Overtid
- 050 Anna lønn
- 060 Trekkpliktige godtgjersler
- 080 Godtgjersle folkevalde

Sosiale utgifter

- 090 Pensjonsinnskott
- 095 Trekkpliktige forsikringsordningar
- 099 Arbeidsgjeveravgift

Varer og tenester

- 100 Kontormateriell
- 110 Aktivitetsrelatert forbruksmateriell/utstyr/tenester
- 120 Anna forbruksmateriell
- 130 Post, banktenester, telefon, internett/bredband
- 140 Annonsar, reklame, informasjon og representasjon
- 150 Opplæring, kurs (ikkje oppgavepliktige)
- 155 Reiseutgifter, opplæring (ikkje oppgavepliktige)
- 160 Utgifter og godtgjersler for reiser, diett, bil mv. som er oppgavepliktige, men ikkje trekkpliktige
- 165 Anna oppgavepliktig, men ikkje trekkpliktig yting
- 170 Transport, drift av egne og leigde transportmiddel (mellom anna anleggsmaskinar og liknande)
- 180 Energi
- 185 Forsikringar, vakttenester
- 190 Leige av lokaler og grunn
- 195 Avgifter, gebyrer og lisensar
- 200 Kjøp og finansiell leasing av driftsmiddel
- 210 Kjøp, leige og leasing av transportmiddel
- 220 Leige av driftsmiddel
- 230 Vedlikehald, byggjetenester og nybygg
- 240 Serviceavtalar og reparasjonar
- 250 Materiale til vedlikehald, påkostning og nybygg
- 260 Reinhald- vaskeri og vaktmeistertenester
- 265 Vakhald og vektartenester, alarm-systemer
- 270 Andre tenester (som inngår i eigenproduksjon), tidlegare konsulenttenester/kjøp av tenester
- 280 Grunnerverv
- 285 Kjøp av eksisterande bygg og anlegg

Refusjonar (utgifter)

- 300 Refusjon til staten/statlege institusjonar
- 330 Refusjon til kommune
- 340 Refusjon til fellesråd
- 350 Refusjon til sokneråd
- 370 Refusjon til andre
- 380 Interne overføringar
- 390 Kalkulatoriske utgifter ved kommunal tenesteyting

Tilskott og gåver til andre

- 400 Tilskott til staten/statlege institusjonar
- 429 Meirverdiavgift som gir rett til momskompensasjon
- 430 Tilskott til kommunen/kommunale institusjonar
- 440 Tilskott/gåver til fellesråd
- 450 Tilskott/gåver til sokneråd
- 465 Overføring av ofringar/middel samla inn til andre
- 470 Tilskott/gåver til andre

Kontoklasse 4

INVESTERINGSREKNESKAP

220 Leige av driftsmiddel

Finansieringsutgifter

- 500 Renteutgifter
- 510 Avdragutgifter
- 520 Utlån, kjøp av aksjar og partsdelar
- 530 Dekning av tidligare års rekneskapsmessige meirforbruk
- 540 Avsetnader til ubundne fond
- 550 Avsetnader til bundne fond
- 560 Avsetnader til likviditetsreserven
- 570 Overføringar til investeringsrekneskapen**
- 580 Rekneskapsmessig mindreforbruk (overskott)
- 590 Avskrivningar**

**Kontoklasse 3
DRIFTSREKNESKAP****INNTEKTER****Salg, eigenbetaling og avgifter**

- 600 Brukarbetaling for kyrkelege tenester
- 610 Betaling frå deltakarar
- 620 Salg av varer og tenester, gebyrer mv. utanfor avgiftsområdet
- 630 Husleigeinntekter/utleige av lokale/festeavgift
- 650 Avgiftspliktig sal av varer og tenester
- 660 Sal av driftsmiddel

Refusjonar (Inntekter)

- 700 Refusjonar frå staten/statlege institusjonar
- 710 Sjukelønnsrefusjon/refusjonar frå trygdeetaten
- 728 Kompensasjon moms påløpt i investeringsrekneskapen**
- 729 Kompensasjon moms påløpt i driftsrekneskapen**
- 730 Refusjon frå kommunen/kommunale institusjonar
- 740 Refusjon frå fellestråd
- 750 Refusjon frå sokneråd
- 770 Refusjon frå andre (private)
- 780 Interne overføringar
- 790 Kalkulatoriske inntekter ved kommunal tenesteyting

Tilskott og gåver frå andre

- 800 Tilskott frå stat/statlege institusjonar
- 830 Tilskott frå kommunen/kommunale institusjonar
- 840 Tilskott frå fellestråd
- 850 Tilskott frå sokneråd
- 860 Offer/samla inn til eigen verksemd
- 865 Offer/samla inn til anna verksemd
- 870 Tilskott/gåver frå andre

Finansinntekter,

- 900 Renteinntekter
- 905 Utbytte

- 920 Mottekne avdrag på utlån, sal av aksjar, partsdelar mv.
- 930 Bruk av tidlegare års rekneskapsmessige mindreforbruk
- 940 Bruk av ubundne fond
- 950 Bruk av bundne fond
- 960 Bruk av likviditetsreserve

- 980 Rekneskapsmessig meirforbruk (underskott)

990 Motpost avskrivningar**Kontoklasse 4
INVESTERINGSREKNESKAP****670 Sal av fast eigedom****910 Bruk av lån****970 Overføring frå driftsrekneskapen**

Enkelte artar er berre gyldige i eit av rekneskapa

Desse artane er berre gyldige i **driftsrekneskapen** (kontoklasse = 3)

Art 570 Overføring til investeringsrekneskapen

Art 590 Avskrivningar

Art 728 Kompensasjon moms som er oppsamla i investeringsrekneskapen

Art 729 Kompensasjon moms som er oppsamla i driftsrekneskapen

Art 990 Motpost avskrivningar

Denne arten er berre gyldig i **investeringsrekneskapen** (kontoklasse = 4)

Art 970 Overføring frå driftsrekneskapen

Balanserekneskapen

Oversikt over gyldige kapittel, rekneskapsåret 2009

Fellestråda skal rapportere balansen på kontoklasse 5.

<u>Kapittel</u>	<u>Tekst</u>	<u>Kode på maskinlesbart medium</u>
510	Kasse, postgiro, bankinnskott	10^^
511	Obligasjonar	11^^
512	Sertifikat	12^^
513-517	Kortsiktige fordringar elles	13^^
518	Aksjar og partsdelar	18^^
521	Aksjar og partsdelar	21^^
522-523	Utlån	22^^
524-526	Utstyr, maskiner og transportmiddel	24^^
527-529	Faste eigedommar og anlegg	27^^
531	Kassekredittlån	31^^
532-539	Anna kortsiktig gjeld	32^^
541-542	Ihendehaverobligasjonslån	41^^
543-544	Sertifikatlån	43^^
545-549	Andre lån	45^^
551-552	Bundne driftsfond	51^^
553-554	Ubundne investeringsfond	53^^
555	Bundne investeringsfond	55^^
556-558	Disposisjonsfond	56^^
5580	Endring i rekneskapsprinsipp som påverkar AK (investering)	580^
5581	Endring i rekneskapsprinsipp som påverkar AK (drift)	581^
55900	Rekneskapsmessig meirforbruk	5900
55950	Rekneskapsmessig mindreforbruk	5950
55960	Udisponert i investeringsrekneskapen	5960
55970	Udekkja i investeringsrekneskapen	5970
55980	Likviditetsreserve	5980
55990	Kapitalkonto	5990
59100	Memoriakonto for ubrukte lånemiddel	9100
59200	Andre memoriakonti	9200
59999	Motkonto for memoriakonti	9999